



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
72/2022	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	23.08.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Åse Elin Myking		22/316

RESSURSBEHOV I SAMBAND MED K5 UTBYGGINGA. Orienteringssak

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saka vert tatt til orientering slik den ligg føre.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 72/2022

FPØ - Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - Tilråding/Vedtak:

Saka vert tatt til orientering slik den ligg føre.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)


Utbygginga av ny veg og bane er i oppstart og framdrifta er justert for ein raskare utbygging i kommunen. Prosjektet har varsla om behov for kommunale tenester inn mot prosjektet. Kommunedirektøren orienterar formannskap, plan- og økonomiutvalet om behov for styrking av samfunnseininga for å kunne yte nødvendige tenester i samband med utbygginga.

Bakgrunn for saka

Fellesprosjektet Arna – Stanghelle (FAS) har nyleg presentert oppdatert prosjektplan for utbygginga. Det er lagt til grunn ei raskare framdrift i kommunen med oppstart tunneldriving i 2025.

<https://www.vegvesen.no/vegprosjekter/europaveg/e16banearnastanghelle/>

Tidsplan



Fellesprosjektet Arna–Stanghelle

BANE NOR

FAS er i gang med anskaffing av rådgjevarar og førebur anbudsutlysingar og prosjektering. Aktiviteten er sterk aukande allereie frå i haust og vidare fram mot oppstart Vaksdal og Stanghelle i 2025.

Formelt grunnlag

Statleg reguleringsplan ny veg og bane Arna-Stanghelle.

Vurdering og konsekvensar

Kommunen har viktige rollar i heile prosjektperioden både som lokal forvaltningsmyndigheit, tenesteytar og samfunnsutviklar. Kommunen ynskjer å fortsetje det tette samarbeidet med FAS og ivareta kommunen sine rollar så effektivt og godt som mogeleg. FAS har informert oss om at «trykket» på kommunen vil verte svært høgt allereie frå oppstart og gjennom heile anleggsfasen.

Allereie i innleiande fase har kommunen merka aukande førespurnader knytt til plan- og kartdata, infrastruktur, graveløyve, landbruk m.v. Etter kvart som rådgjevarar og entreprenørar kjem i gang vil dette auke monaleg. I tillegg til FAS, vil både hovud- og underentreprenørar ha behov for mange ulike tenester og løyver. Anna aktivitet som kan følgje av K5 utbygginga, til dømes næringsetablering/utviding, bustadutbygging m.v kjem i tillegg.

Samfunn har ansvar for desse oppgåvene i vår kommune. Dei siste 10-15 åra er ressursane trekt ned som følgje av lågare aktivitet, effektivisering og strammare rammer i kommunen. Dei siste fem åra har aktiviteten vore høg som følgje av mange større prosjekt og planarbeid. Til dette har kommunen leigd inn eksterne ressursar. Inneverande år har vi hatt tilsetjing i tre vakante stillingar som har stått ledig lenge. VVA ingeniør har vore vakant sidan februar og har vore utlyst fleire gongar.

Ressursane våre er tilpassa kommunen sine basistjenester og me har oftast kun ein fagperson på kvart fagområda kommunen har ansvar for. Kommunestyret styrka budsjettet med kr 800.000 i år, dette er delvis brukt til innleige av ressursar og til kompetansetiltak i brannvernet.

Etter møte med FAS før sommaren har vi gjennomgått ressursituasjonen opp mot skissert behov. Forventa etterspurnad etter våre tenester har eit omfang mangedobla dagens situasjon. Det synes klart at kommunen må styrke desse tenestene vesentleg i heile prosjektperioden for å unngå forseinkingar i prosessen.

Slik vi vurderer det er det behov for å etablere eit team med teknisk kompetanse innan fleire fag. I første omgang tenkjer vi inntil 3 stillingar, om dette vil vera tilstrekkeleg lenger ut i prosjektet er uvisst no, det må vurderast undervegs.

Det er vanskeleg tilgang på slike ressursar for tida. Entreprenørar som ynskjer oppdrag i prosjektet vil også ha behov for å tiltrekkje seg slike ressursar. For å få personell på plass frå neste år ynskjer vi å starte rekruttering omgåande. Å koma i gang med utlysing før andre aktuelle er også viktig. Slik vi ser det er det mest aktuelt å tilsetje i faste stillingar framfor innleige sidan behovet vil vare over ein lang periode, eventuelt også etter at utbygginga er fullført.

Inntil vi får på plass ressursar vil det vere nødvendig å leige inn nødvendig kompetanse. Etterspurnaden etter konsulentar er for tida så stor at det er knappheit også der. Rekrutteringssituasjonen er derfor særdeles utfordrande og vi må tilpasse oss fleire moglege løysingar.

Økonomisk er dette også utfordrande for kommunen. Innafor ordinære inntekter (rammetilskot mm) til den kommunale drifta vil dette vera vanskeleg å prioritere. Om kommunens eigne inntekter kan nyttast til desse oppgåvene må vurderast nærare. Det må også undersøkjast om kommunen kan få støtte frå staten i denne fasen av prosjektet. Kommunedirektøren vil vurdere finansiering i samband med økonomiplanen seinare i haust.